



Utvalg: Kontrollutvalet i Stord kommune
Møtestad: Kommunestyresalen, Stord rådhus
Dato: 29.10.2018
Tidspunkt: 14:00 – 16.45

Følgjande faste medlemmer møte:

Navn	Funksjon	Representerer
Fredrik Litleskare	Leiar	H
Peggy Husevik Bærøy	Nestleiar	V
Odd Ståle Larsen	Medlem	FRP
Anna Herborg Førland	Medlem	AP
Tarjei Haga	Medlem	AP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møte:

Navn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Andre som møte:

Navn	Stilling
Willy Hauge	Partner i KPMG
Håkon Lindberg	Forvaltningsrevisor i KPMG
Magnus Sirnes Hjellum	Forvaltningsrevisor i KPMG
Magnus Mjør	Rådmann
Lovise Vestbøstad	Kommunalsjef
Hogne Haktorson	Kontrollsjef, Hordaland fylkeskom., sekret. for kontr.utv.

Fredrik Litleskare
utvalsleiar

Hogne Haktorson
utvalssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 46/18	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 47/18	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 48/18	Henvending frå Valgjerd Teigen - andre handsaming		2018/56
PS 49/18	Oppfølging av sak om sal av eigedomen Evjestrand, evaluering av retningsline for sal av fast eigedom og bygningsmasse i Stord kommune		2016/80
PS 50/18	Handlingsplan - forvaltningsrevisjon av prosjektstyring og oppfølging av investeringsprosjekt		2017/17
PS 51/18	Forvaltningsrevisjonsrapport om offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging		2017/108
PS 52/18	Bestilling - ny vurdering		2015/181
PS 53/18	Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune		2015/177
PS 54/18	Referatsaker		
RS 20/18	Tenesteanalyse - vurdering av kapasiteten i barneverntenesta - saksframlegg til kommunestyret		2015/15
RS 21/18	Stord kommunale eigedomsselskap AS - eigarstrategi - saksframlegg til kommunestyret		2015/180
RS 22/18	Budsjettrevisjon 2. tertial 2018 - saksframlegg til kommunestyret		2015/178
PS 55/18	Eventuelt		

PS 46/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 29.10.2018

Handsaming i møtet:

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

PS 47/18 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 29.10.2018

Handsaming i møtet:

Det framkom ikkje merknader til protokoll frå møte 10.09.18.

Vedtak:

Protokoll frå møte 10.09.18. vart godkjent.

PS 48/18 Henvending frå Valgjerd Teigen - andre handsaming

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 29.10.2018

Handsaming i møtet:

Rådmann Magnus Mjør og kommunalsjef Lovise Vestbøstad gav ei orientering, der bl.a. dette kom fram:

- Generell informasjon knytt til omgrepa eigar, festar, framfestar og innløyst grunn.
- Kommunen har planar i området om sannering og utbetring innan VA (vatn og avlaup).
- Vegen vil i stor grad bli masseutskifta som følgje av skifte av vassleidning / legging av overvassystem og oppgradering av vegen.
- Vidare er det planar om noko rydding og hogst ifm. arbeid for å betra overvatnproblematikken i området.

Kontrollutvalet merka seg kommuneadministrasjonen sin informasjon om at tiltak er på gang, og vonar at fleire ankepunkt med dette vert betra.

Utvalet meinte fleire forhold var handtert greitt av kommunen, men at det kunne ligga misstydingar i botn. Utvalet meinte vidare at nokre forhold synest vera av privatrettsleg karakter, som utvalet ikkje bør ha noko meining om.

Utvalet tenkte ikkje å føreta seg noko meire ift. henvendinga frå Valgjerd Teigen.

Vedr. spørsmåla frå Jakob Bjelland viser utvalet til omtale i saksframlegget, og går ikkje meir konkret inn på desse.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

Kontrollutvalet merka seg kommuneadministrasjonen sin informasjon om at tiltak er på gang, og vonar at fleire ankepunkt med dette vert betra.

Utvalet meinat fleire forhold er handtert greitt av kommunen, men at det kan ligga misstydingar i botn. Utvalet meinte vidare at nokre forhold synest vera av privatrettsleg karakter, som utvalet ikkje bør ha noko meining om.

Utvalet har ikkje tenkt å føreta seg noko meire ift. henvendinga frå Valgjerd Teigen.

Vedr. spørsmåla frå Jakob Bjelland viser utvalet til omtale i saksframlegg i saka, og går ikkje meir konkret inn på desse.

PS 49/18 Oppfølging av sak om sal av eigedomen Evjestrاند, evaluering av retningsline for sal av fast eigedom og bygningsmasse i Stord kommune

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet takkar for oppfølging av kommunestyret sitt vedtak 20.10.16 i sak PS 69/16 om eigedomen Evjestrاند.
2. Etter kommunestyret sitt vedtak 27.09.2018 i sak PS 38/18, der reviderte retningsliner for sal av fast eigedom og bygningsmasse i Stord kommune vart samrøystes vedteke, seier kontrollutvalet seg ferdig med saka.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 29.10.2018

Handsaming i møtet:

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet takkar for oppfølging av kommunestyret sitt vedtak 20.10.16 i sak PS 69/16 om eigedomen Evjestrاند.
2. Etter kommunestyret sitt vedtak 27.09.2018 i sak PS 38/18, der reviderte retningsliner for sal av fast eigedom og bygningsmasse i Stord kommune vart samrøystes vedteke, seier kontrollutvalet seg ferdig med saka.

PS 50/18 Handlingsplan - forvaltningsrevisjon av prosjektstyring og oppfølging av investeringsprosjekt

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er gjort i samband med forvaltningsrevisjon av prosjektstyring og oppfølging av investeringsprosjekt.
2. På bakgrunn av framdriftsplanen vidare, herunder revisjon av prosjekthandbok med tilhøyrande rutinar / prosedyrar og malar, ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 8.4.2018.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 29.10.2018

Handsaming i møtet:

Årstal for skriftleg tilbakemelding vart retta.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke, med den redigeringa.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er gjort i samband med forvaltningsrevisjon av prosjektstyring og oppfølging av investeringsprosjekt.
2. På bakgrunn av framdriftsplanen vidare, herunder revisjon av prosjekthandbok med tilhøyrande rutinar / prosedyrar og malar, ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 8.4.2019.

PS 51/18 Forvaltningsrevisjonsrapport om offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging**Forslag til innstilling:**

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «Offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging» ber kommunestyret rådmannen syta for:

1. At kommunen må sikre bruk av anskaffingsprotokoller kor dette er eit lovkrav, og desse må gje utfyllande informasjon i samsvar med anskaffingsregelverket, herunder
 - a. Kommunen må betre dokumentasjon rundt anskaffingar.
 - b. Kommunen må sikra at ein ved val av leverandør gjev ei tilstrekkeleg grunngjeving til alle som deltek i konkurransen. Grunngjevinga må innehalde ei konkret vurdering som gjer leverandørane i stand til, på objektivt grunnlag, å forstå kva forhold det er som har gjort at oppdragsgjevar har bedømt det valte tilbud som best ut frå tildelingskriteria.
2. At einingane set i system vurdering av å nytte innkjøpskoordinatoren og innkjøpskonsulenten for å kvalitetssikre det rettslege aspektet i anskaffingsprosessane.
3. At kommunen bør sørge for at det er tydeleg overfor prosjektleiarane kva prosedyrar som skal brukast i kontraktsoppfølgingsarbeidet.
4. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.3.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 29.10.2018**Handsaming i møtet:**

Forvaltningsrevisor Håkon Lindberg orienterte innleiingsvis om revisjonsrapporten.

Utvalet ønskjer at KPMG presenterer rapporten i kommunestyremøtet der den vert handsama.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Innstilling:

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «Offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging» ber kommunestyret rådmannen syta for:

1. At kommunen må sikre bruk av anskaffingsprotokoller kor dette er eit lovkrav, og desse må gje utfyllande informasjon i samsvar med anskaffingsregelverket, herunder
 - a. Kommunen må betre dokumentasjon rundt anskaffingar.
 - b. Kommunen må sikra at ein ved val av leverandør gjev ei tilstrekkeleg grunngjeving til alle som deltek i konkurransen. Grunngjevinga må innehalde ei konkret vurdering som gjer leverandørane i stand til, på objektivt grunnlag, å forstå kva forhold det er som har gjort at oppdragsgjevar har bedømt det valte tilbud som best ut frå tildelingskriteria.
2. At einingane set i system vurdering av å nytte innkjøpskoordinatoren og innkjøpskonsulenten for å kvalitetssikre det rettslege aspektet i anskaffingsprosessane.
3. At kommunen bør sørge for at det er tydeleg overfor prosjektleiarane kva prosedyrar som skal brukast i kontraktsoppfølgingsarbeidet.

4. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.3.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

PS 52/18 Bestilling - ny vurdering

Forslag til vedtak

Det vert ikkje innstilt på om ein bør gå for alternativ 1 eller 2, jmf. alternativ konklusjon overfor.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 29.10.2018

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet ønskte å gå for alternativ 1 – psykisk helsearbeid og rusomsorg.

Desse innspela kom i møtet:

- Pkt. 1 - Aldersgruppa vert endra frå 16 – 30 år til 13 – 30 år.
- Pkt. 2 – Vurdera om det kan føretakast justeringar som evt. gjer at forvaltningsrevisjonen skil seg enno meir frå tilsyn på saksfeltet som fylkesmannen hadde våren 2018.
- Pkt. 3 - Det vart ikkje fastsett eksakt frist for KPMG til å koma med justert prosjektplan. Men det var ønskje om at mest mogleg arbeid vart gjort i 2018, underforstått at prosjektplanen vert ferdig så raskt som råd.

Forslag til vedtak i alternativ 1 - justert for innspel gjeldande pkt. 1 - 3 over - vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet stadfestar at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan tenestetilbodet som gjeld rus og psykiatri overfor aldersgruppa 13 – 30 år.
2. Utvalet har slike merknader til prosjektplan frå KPMG av september 2018: Vurdera om det kan føretakast justeringar som evt. gjer at forvaltningsrevisjonen skil seg enno meir frå tilsyn på saksfeltet som fylkesmannen hadde våren 2018.
3. Forslag til justert prosjektplan vert å levera til sekretariatet så snart som råd. Den må innehalda føremål, problemstillingar, evt. avgrensingar, leveringstidspunkt og ressursbruk
4. Kontrollutvalet gjev leiar i utvalet, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å godkjenna prosjektplanen
5. Utvalsmedlemmane får høve til å gje innspel til utkast til prosjektplan, før godkjenninga, men med relativt kort tidsfrist
6. Prosjektplanen vert lagt fram for kontrollutvalet til orientering i neste utvalsmøte.

PS 53/18 Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 29.10.2018

Handsaming i møtet:

Ved Anna Herborg Førland sin gjennomgang gjeldande formannskapet, vart merka at det ikkje ligg føre møteprotokoll frå formannskapet sitt møte 10.09.2018, på kommunen si nettside.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

PS 54/18 Referatsaker

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 29.10.2018

Handsaming i møtet:

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar referatsakene til orientering.

RS 20/18 Tenesteanalyse - vurdering av kapasiteten i barneverntenesta - saksframlegg til kommunestyret

RS 21/18 Stord kommunale eigedomsselskap AS - eigarstrategi - saksframlegg til kommunestyret

RS 22/18 Budsjettrevisjon 2. tertial 2018 - saksframlegg til kommunestyret

PS 55/18 Eventuelt

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 29.10.2018

Handsaming i møtet:

A Henvending.

Utvalseiar og sekretær orienterte om henvending, og at dei hadde møtt dei som henvendte seg.

B Neste utvalsmøte.

Som følge av at utvalet hadde ekstramøte i oktober, der mange saker kom med, som elles ville vore aktuelle for planlagt møte i november, så utgår møtet i november 2018. Neste kontrollutvalsmøte vert 18.02.2019.

C NKRF kontrollutvalskonferanse 30. – 31. januar 2019.

Utvalet ønskjer å vera representert på NKRF sin kontrollutvalskonferanse 2019 med Fredrik Litleskare og Peggy Husevik Bærøy, med Odd Ståle Larsen som reserve.

Vedtak:

A Henvending.

Informasjonen vert teken til orientering

B Neste utvalsmøte.

Kontrollutvalsmøte 28.11.2018 utgår.
Neste kontrollutvalsmøte vert 18.02.2019.

C NKRF kontrollutvalskonferanse 30. – 31. januar 2019.

Kontrollutvalet ber om at Fredrik Litleskare og Peggy Husevik Bærøy representerer utvalet på NKRF sin kontrollutvalskonferanse 2019, med Odd Ståle Larsen som reserve.